

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Sognefjellshytta
Dato: 11.05.2015
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldes snarast på tlf. 948 80 564.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

I tillegg til sakene på saklista kjem sak 30/2015, som vart utsett i møtet 4. mai.
Behandling av denne kjem etter presentasjonen frå Dronninga Landskap.

Dagsorden:

- Kl. 12:00 Styremøte med behandling av saker
- Kl. 13 – ca.13:45 Lunsj
- Ca. 13:45 – 14 Ny merkevare- og besøksstrategi for Norges nasjonalparker v/ Asgeir Meland
- Ca. kl. 14 – 16 Sak 30/2015 – Presentasjon v/ Dronninga Landskap AS Forprosjekt innfallsport Sognefjellet
- Ca. 16:00 – 17:30 Siste del av dagen, til disposisjon for samarbeidspartane for praktiske avklaringar når det gjeld vidare framdrift.

Representantar for Miljødirektoratet og samarbeidspartane på Sognefjellet (Nasjonale Turistveger, Eigar av Sognefjellshytta, Oppland fylkeskommune, Lom kommune, Lom fjellstyre, Statskog) er spesielt inviterte til presentasjonen, der vi startar med felles lunsj for alle inviterte ca kl 13, når dei langvegsfarande er framme.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen



Fylkesmannen i Oppland

Mobil: 948 80 564

Postadresse: Postboks 987, 2626 Lillehammer

Besøksadresse: Norsk Fjellmuseum, Postboks 5, 2686 Lom

Epost: fmopksv@fylkesmannen.no

Internett: www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 33/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 34/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Bruk av helikopter og snøscooter for bremålingar - NVE		2015/2955
ST 35/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Forskning 2015-2016 - Innsamling av jordprøver og plantemateriale ved Hellstugubreen - Mikael Ohlson, NMBU		2015/1873
ST 36/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Innsamling av plantemateriale - Christian Brochmann, Universitetet i Oslo		2015/2956
ST 37/2015	Eventuelt		

Arkivsaksnr: 2015/2955-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.05.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	34/2015	11.05.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Bruk av helikopter og snøscooter for bremålingar - NVE

Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlovas § 48, får NVE v/ Liss Marie Andreassen saman med nederlandsk kollega dispensasjon for bruk av drone (elektrisk drive fjernstyrt luftfarty) til fotografering / filming over Storbreen i Jotunheimen i tråd med søknad av 27.04.15.

Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for området rundt Storbreen
2. Tidsrom: Inntil 2 dagar i perioden august/september 2015.
3. Flyging skal så langt det er råd ikkje skje på helgedagar.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato(ar) seinast dagen før flyging. Mobil 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no
5. Flyging nær vilt og beitedyr skal unngåast.
6. Av omsyn til friluftslivet bør ein halde avstand til eventuelle turfolk i området.
7. Nasjonalparkforvaltninga ber om tilbakemelding i form av rapport som viser resultat av kartlegginga.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post av 27.04.15 frå NVE v/ Liss Marie Andreassen

NVE gjer målingar på Storbreen og fleire andre brear i Jotunheimen og har løyve for bruk av snøskuter og helikopter i området. Ein mindre del av Storbreen ligger innan nasjonalparken, og det er gjeve slik dispensasjon i høve til verneforskrifta:

«Med hjemmel i naturmangfoldlovens § 48 gir Fylkesmannen NVE dispensasjon til motorisert

transport slik det er søkt om i Jotunheimen nasjonalpark. Tillatelsen gjelder for bruk av snøscooter (1-2 turer pr år) og bruk av helikopter (1 tur pr. år) til Hellstugubreen og til Gråsubreen. Dispensasjonen gjelder fram til 31. desember 2015 og er gitt på vilkår.»
Kommunen har gjeve tilsvarande løyve i medhald av motorferdsellova til ut 2015.

Liss Marie Andreassen skriv følgjande i søknad om utviding av løyvet:

«Jeg har fått en henvendelse fra en nederlandsk kollega om et prøveprosjekt med fotografering av breer fra lufta med UAV.*

Vi ønsker å gjøre en test 1-2 dager på Storbreen i Jotunheimen i høst, antagelig i månedsskiftet august/september. Målet er å ta bilder av breen med UAV og lage en kartmodell av breen fra dette og sammenligne disse med tidligere kart for å bestemme endringer av breen. Dette er akademisk forskning. Jeg har vært i kontakt med Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) og fått klarsignal til denne flygingen da det tillatt for alle å fotografere og filme fra luften med ubemannet luftfarkost innenfor synsrekkevidde (utenfor restriksjonsområder og andre fotoforbudsområder).»

*UAV er forkorting for *Unmanned Aerial Vehicle*, også kalla *RPA – Remotely Piloted Aircraft*

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

NVE sitt løyve til bruk av snøscooter og helikopter gjeld ut 2015, men inneheld ikkje spesifiseringar som omfattar den ønskete bruken av ubemanna luftfarty, såkalla drone.

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da denne lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon. Eit ubemanna luftfarty (*RPA – Remotely Piloted Aircraft* – etter luftfartstilsynets terminologi), eller «drone», er å rekne som luftfarty. Ubemanna luftfart vert omfatta av regelverket for sivil luftfart.

Revidert forskrift for Jotunheimen nasjonalpark vart vedteken 14.11.14, og med denne er det innført forbod mot lågtflyging under 300 meter.

Forskrift – verneformål

§ 3, pkt. 6.1 setter forbod mot lågtflyging under 300 m over bakken. I og med at flyging med drone er omfatta av luftfartslovverket, legg ein til grunn at også verneforskrifta sine reglar om lågtflyging må gjelde.

Vidare har verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy forbod mot bruk av modellfly og liknande i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for bruk av drone eller andre luftfarty til filmopptak knytt til forskning eller andre formål, og ein dispensasjonssøknad krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova

§ 48 opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.*» Dette betyr ikkje at dispensasjon *skal* gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna

styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Formålet med vern av nasjonalparken er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

- - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi

- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplanen

1) Bruk av «drone» (UAV/RPA): Forvaltningsplanen gjev ikkje føringar for bruk av ubemanna luftfarty, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd.

2) Forsking: Formål med flyginga er forskning for å auke kunnskapen om breane, og kap. 8.17. FORSKING OG UNDERVISING har ei generelt positiv haldning til tiltak som kan bidra til å auke kunnskapen:

«I eit område med urørt natur og verdfullt naturlandskap som i Jotunheimen og Utladalen vil det vere interessant å gjennomføre ei rekkje ulike forskingsprosjekt både innan ureining, dyre- og planteliv og samfunnet sin bruk av områda til m.a. rekreasjon og friluftsliv. Verneområda vil ha aukande verdi som type- og referanseområde ettersom utbygging skjer i andre område. Forsking er også viktig for verneområda for å auke kunnskapen om områda og kva for ein verdi dei har for samfunnet. Etter framlegg til verneforskrifter (§ 4 NP og i LVO) kan fylkesmannen gi løyve til vitenskaplege undersøkingar når dette ikkje strir mot formålet med vernet. - - - -

Forsking treng ofte faste innretningar og bruk av motoriserte kjørety. Når forskinga har som mål å auke kunnskapen om naturen og naturgrunnlaget i verneområda og dette ikkje kjem i strid med verneformålet, vil det vere avgjerande om nytten og føremonene av forskinga er større enn ulempene som eventuelle inngrep og motorferdsel medfører. Forskingsresultata skal formidlast til forvaltningsstyresmakta. - - -»

Vurdering

Bruk av ubemanna luftfarty for filming/kartlegging er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre områder å støtte seg på. Det er i 2014 behandla fire saker i norske nasjonalparkar. Alle er innvilga, men med avgrensingar m.a. på flyging i helg/ferie. Nasjonalparkstyret for Dovrefjell og Sunndalsfjella har i 2015 gjeve løyve til bruk av drone for naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen v/ AU har i 2015 godkjent bruk av drone for filmopptak i eit avgrensa område for ein dag for NRK.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt og eventuelle beitedyr som oppheld seg i området, kan ein ikkje sjå at tiltaket vil verke negativt inn på verneverdiane.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrtra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Ein bør derfor unngå område og tider med stor utfart, og det kan såleis vera naturleg å prøve å unngå flyging på helg. I dette tilfellet er opptak planlagt innan eit avgrensa område ved Storbreen i månadsskiftet august/september. På denne tida vil det ikkje vera konflikt med hekkande rovfugl, og ved å setja vilkår som tek omsyn til vilt og andre brukarinteresser kan ein ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med verneformål eller påverkar verneverdiane.

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12 jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Det er vanskeleg å sjå for seg vesentlege negative effektar, men ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) – er det viktig å unngå nærføring til beitedyr eller vilt som måtte opphalde seg i området. Ut frå ei økosystemtilnærming (§ 10) er det viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kartlegging med formål å auke kunnskapen om breane vil ha stor verdi. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing som kan medføre kostnader til utbetring (nmf § 11). § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*», og for filmopptak over større fjellområde synest drone å vera den mest miljøforsvarlige teknikken som er tilgjengeleg. Det er effektivt og skaper mindre støy enn helikopter.

Konklusjon:

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sine forbod mot lågtflyging og bruk av modellfly og liknande for bruk av luftfarty for filming av området. Nytteverdien er større enn ulempene, og vilkår som følgjer av naturmangfaldlova § 48 synest å vera oppfylt.

Arkivsaksnr: 2015/1873-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 21.04.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2015	11.05.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Forskning 2015-2016 - Innsamling av jordprøver og plantemateriale ved Hellstugubreen - Mikael Ohlson, NMBU

Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Mikael Ohlson, NMBU, dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.1 for innsamling av jordprøver og flytting av planter innan eit område i tråd framfor Hellstugubreen, slik det går fram av søknad datert 06.03.15. Løyvet inneber at det for forskingsformål er høve til å samle inn ca 100 jordprøver med frømateriale og å flytte ca 25 eksemplar av kvar av artane fjellsyre, fjellskrinneblom, stjernesildre, issoleie, fjellrapp og fjellarve.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 2015-2016, i området framfor Hellstugubreen.
- Det skal berre samlast inn og flyttast det som er nødvendig for dokumentasjon og analysar av dei utvalde artane.
- Ved avslutning av prosjektet må all merking i terrenget fjernast.
- For tilbakemelding til nasjonalparkforvaltninga om resultata av undersøkingane vil ein be om kopi av eventuelle fagrapportar frå prosjektet.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Søknad datert 6. mars frå professor Mikael Ohlson, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU).
Søknaden oversendt frå Miljødirektoratet ved e-post av 12. mars.

Professor Mikael Ohlson ved Institutt for naturforvaltning ved NMBU søker om dispensasjon fra verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for å drive forskning i områda framfor Hellstugubreen. Det blir søkt om følgjande tiltak:

Undertegnede og samarbeidspartnere ved Universitet i Oslo bruker området ved Hellstugubreen i forskning om klimaendringer og breer som minsker i utbredelse. Forskingen vår har fokus på vegetasjonssuksesjoner, og i den forbindelsen ønsker vi samle inn jordprøver for å estimere størrelsen på den frøbank som ligger i jorda. Prøvetakingen vil foregå sommeren 2015 og prøvetakingen vil ikke på noen som helst måte gi spor som er varige eller synlige i terrenget. Det er snakk om bare små jordvolumer. Hver prøve vil bli tatt med en stålsylinder som har en diameter på 4 cm. Prøvetakingsdybden vil aldri bli mer enn 10 cm, og vi vil sørge for å fylle igjen hvert hull etter prøvetakingen. Til sammen ønsker vi tillatelse for å ta 100 slike jordprøver fordelt over forlandet til Hellstugubreen. I tillegg ønsker vi å flytte planter fra eldre deler av breens forland til posisjoner nær kanten av breen. Dette for å øke kunnskapen om hvilke faktorer som regulerer etableringen av de planteartene som bygger opp pionervegetasjonen når breen trukket seg tilbake. Flyttingen av plantematerialet er planlagt til sommeren 2015 og forsøket avsluttes høsten 2016. Følgende arter er tenkt at inngå i forsøket (alle er meget vanlige og forekommer i stort antall i hele Jotunheimen): fjellsyre, fjellskrinneblom, stjernesildre, isoleie, fjellrapp og fjellarve. Totalt ønsker vi flytte ca 25 eksemplar av hver art. All merking av prøveflater etc. vil være meget diskre og vi vil etablere forsøket langt fra den sti som benyttes når turister besøker området. All merking av prøveflater og alle planter som er kunstig etablert vil bli fjernet høsten 2016.

Vurdering

Verneforskrifta § 3 pkt. 2 har følgjande hovudregel om plantelivet:

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet.

Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all skade og øydelegging. Såing og planting av tre og annan vegetasjon er forbode.

I medhald av § 3, pkt. 1.3.m) kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

m) Naudsynte tiltak i samband med forvaltning av artar.

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til

tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Den generelle dispensasjonsregelen i § 4 er erstatta av naturmangfaldlova § 48. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - -» Vidare er det eit føremål å ta vare på artar.

Verneforskrifta § 3 stadfestar at det skal vera rom for forskning. Innsamling av plantemateriale og flytting av eit avgrensa tal vanlege fjellplanter i nærområdet ved breen vil ikkje vera i strid med verneformålet. Forskinga vil auke kunnskapen om vegetasjonsutvikling når ein bre trekkjer seg attende. Tiltaket vil ikkje påvirke verneverdiane vesentleg, og det er av stor fagleg interesse å få auka kunnskap om skaffe kunnskap om breendringar og vegetasjonsutvikling i området framfor breen. Jordprøvene er små, og når merkinga er fjerne vil ein ha få varige spor. Artane som skal flyttast er vanlege i området, og ei lokal flytting nærare breen enn der dei veks naturleg i dag vil ikkje ha negativ verknad på naturmangfaldet. Det er likevel viktig at forvaltninga får god dokumentasjon på arbeidet som blir gjort, da flytting av planter kan gje litt endra samansetnad av vegetasjonen framfor breen enn det ein ville hatt ved ein urørt tilstand. Dette vil skje dersom ein del planter tek tak og overlever på dei nye vekseplassane nærare breen der forskarane set ned planter som naturleg veks eit stykke lengre unna brefronten.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 skal leggjast til grunn ved utøving av all offentleg myndigheit. Søknaden blir vurdert slik i forhold til desse prinsippa:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er livskraftige førekomstar av dei aktuelle artane som skal flyttast. Formålet med den omsøkte aktiviteten er å bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Ein kan ikkje sjå at der fare for ukjente negative konsekvensar for verneverdiane knytt til innsamlinga av plantematerialet. Artane er livskraftige, og innsamling i det beskjedne omfanget som er skissert vil neppe ha innverknad på førekomstane av fjellsyre, fjellskrinneblom, stjernesildre, issoleie, fjellrapp og fjellarve.

§ 10 økosystemtilnærming og samlet belastning

Den omsøkte aktiviteten vil neppe gje merkbare konsekvenser for økosystem og verneverdiar.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Det er ein føresetnad at innsamlinga er avgrensa til det som er nødvendig for registrering og dokumentasjon. All merking vil bli fjerna etter avslutta prosjekt

Konklusjon:

Bruken av nasjonalparken til innsamling og intern flytting av planter som ein ønskjer meir kunnskap om, vil ikkje vera i konflikt med verneformålet eller svekke verneverdiane i områda. Tiltaket vil gje auka kunnskap om naturmangfaldet, og er av stor fagleg verdi. Fordelane er klart større enn ulempene. Uttaket er ikkje av slik omfang at det kan medføre fare for at artane kan få vesentleg tilbakegang. Det må leggjast vekt på at det berre blir teke ut det som er nødvendig for registrering og dokumentasjon knytt til den vitenskaplege undersøkinga. Vi vil be om kopi av eventuelle fagrapportar frå undersøkingane.

Arkivsaksnr: 2015/2956-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 04.05.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2015	11.05.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2015 - Innsamling av plantemateriale - Christian Brochmann, Universitetet i Oslo

Forvaltar si innstilling

Professor Christian Brochmann ved naturhistorisk museum, Universitet i Oslo, får med heimel I verneforskrifta § 3 pkt 1.2. m) løyve til innsamling av artane *Phyllodoce caerulea* (blålyng), *Polygonum viviparum* (harerug), *Rhodiola rosea* (rosenrot) og *Cardamine bellidifolia* (høyfjellskarse) i området rundt Gjendesheim. Løyvet gjeld også for området rundt Juvvasshytta/Juvflye, i den grad det er nødvendig med innsamling innan nasjonalparkgrensa.

Løyvet omfattar samling av nødvendige herbariebelegg av artane, og blad frå fleire planter av kvar art for genetiske analyser.

Saksopplysningar

Saksdokument:

Søknad ved e-post av 27.04.15 frå professor Christian Brochmann, naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo

Christian Brochmann har sendt følgjande søknad om løyve til innsamling av planter i Jotunheimen:

«With this email I ask for permission to collect some material of four common plant species from Jotunheimen National Park.

My name is Christian Brochmann, professor at the Natural History Museum, University of Oslo. I have for many years conducted collaborative scientific studies of arctic and alpine plants with Dr Hajime Ikeda from Okayama University in Japan.

*In connection with a project comparing variation in circumpolar plants with Japanese alpine plants, we need to collect some material from Jotunheimen. We want to collect material of four species which are very common there, so the collecting will not influence their populations to any measurable degree. The species are *Phyllodoce caerulea* (blålyng), *Polygonum viviparum* (harerug), *Rhodiola rosea* (rosenrot), *Cardamine bellidifolia* (høyfjellskarse).*

For each species, we will collect a few whole plants to be pressed as herbarium vouchers, and leaves from 20 plants to be dried in silica gel and used for genetic analyses.

Dr Hajime Ikeda will carry out the collecting in June-July 2015.

We plan to do the sampling in 1) the area between Bøverdalen and Juvasshytta, and 2) the area around Gjendesheim."

Vurdering

Verneforskrifta § 3 set forbod mot fjerning av planter:

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet.

Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all skade og øydelegging. Såing og planting av tre og annan vegetasjon er forbode.

Forbodet omfattar ikkje beiting, vedhogst, hausting av bær og sopp, og plukking av blomar og til eige bruk.

Området mellom Bøverdalen og Juvasshytta ligg utanom nasjonalparken. Den andre lokaliteten, ved Gjendesheim, er dels innan og dels utanom nasjonalparken. Forvaltninga kan etter søknad gøyve til innsamling av plantemateriale heimel i verneforskrifta § 3, pkt. 1.2.m) – naudsynte tiltak i samband med forvaltning av artar.

Uttak av nokre få heile planter og delar frå ca. 20 av kvar art, skil seg lite frå uttak i form av plukking til eigen bruk som er direkte heimla i forskrifta § 3 pkt 2.1 d). Kunnskapsgrunnlaget er godt. Avgrensa uttak av dei fire aktuelle artane, som har rikelege førekomstar i området, vil ikkje verke inn på naturmangfaldet. Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12, og plantesamlinga kjem ikkje i konflikt med verneforskrift eller reglar for bevaring av naturmangfald. Samling av eit fåtal eksemplar av vanlege og talrike artar som det her er snakk om, gjev ingen negative konsekvensar, men kan gjennom analysar og samanlikningar gje interessant kunnskap om fjellvegetasjon.

Arkivsaksnr: 2015/213-47

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 28.04.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	30/2015	04.05.2015
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		11.05.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Besøksforvaltning - Pilot innfallsport Sognefjellshytta - Forprosjekt

Forvaltar si innstilling

- Nasjonalparkstyret vert inviterte til å koma med synspunkt på dei ulike elementa i forslag til tilrettelegging som blir presentert i møtet. Oppsummering av diskusjon:
 -
 -
 -
- Synspunkta frå nasjonalparkstyret vert tekne med i det vidare arbeidet, der nasjonalparkforvaltarane må samarbeide tett med Miljødirektoratet fram mot detaljprosjektering for å finne ut kva det er mogleg å få inn i det endelege prosjektet innan den økonomiske ramma direktoratet har for pilotsatsinga. Detaljprosjektet skal spegle den nye merkevarestrategien for dei norske nasjonalparkane. Vidare må det vera tett dialog med eigar av Sognefjellshytta, Nasjonale Turistveger og Oppland fylkeskommune for å tilpasse tilrettelegginga til det som er etablert på staden.
- Detaljprosjektet vert lagt fram for styret før ein definerer endeleg innhald i utgåande tilbod for utbygging. Etter planlagt tidsskjema skal detaljprosjekt liggje føre 1. juni.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 04.05.2015

Vedtak


Saka utsett.

Saksopplysningar

Dronninga Landskap vart vald til utarbeiding av forprosjekt innfallsport Sognefjellet, og vil presentere sitt forslag til tilrettelegging for nasjonalparkstyret i møtet 4. mai. Forslaget byggjer på moglegheitsstudien utarbeidd av Asplan Viak, som danna grunnlaget for lokalisering av pilot-innfallsporten ved Sognefjellshytta, sjå sak 46/2014.

I tilrettelegginga inngår ei mest mogleg universelt tilrettelagt runde for ein kort tur rundt Fantesteinvatnet. Sjå vedlagt planskisse og snitt som viser prinsipp for planlagt tilrettelegging. Det mest utfordrande er brua over til sørsida av vatnet, men dette er samstundes det elementet som i størst grad vil synleggjera prosjektet og vekkje interesse hos dei vegfarande for å ta ein stopp der det er enkelt å koma ut i naturen.

Innfallsporten skal ha informasjon av høg kvalitet med bruk av den nye designprofilen:



Det vil vera eit mål å skape nysgjerrigheit og ønskje om å besøke også andre delar av nasjonalparken og regionen elles på begge sider av Sognefjellet.

Vurdering

Pilotprosjektet har ein svært stram framdriftsplan, og med leveringsfrist i april har det ikkje vore mogleg med synfaring i området i løpet av forprosjektfasen pga årstida og snøsituasjonen. Design av skiltssystem var heller ikkje ferdig, slik at Dronninga Landskap her har arbeidd parallelt med utviklinga av merkevaren. Alle teikningar i forprosjektet er dermed av prinsipiell karakter. Forprosjektet må derfor stadtilpassast i

det vidare arbeidet, og landskapsarkitektane legg til grunn at det under utføringa må det vera ein høg grad av tilpassing på staden. Detaljert innhald av forprosjektet blir presentert av landskapsarkitekt frå Dronninga Landskap den 4. mai.

Førebels kostnadsoverslag blir nærare drøfta etter den samla presentasjonen av forprosjektet. Enkelte deltiltak her ligg utanom det som naturleg fell inn under nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, så her må ein sjå nærare på ansvarsforhold og kva ein skal prioritere innan kostnadsramma. Dette gjeld m.a. tryggare tilrettelegging av gangvegen langs Fantesteinvatnet, som er ein etablert gangveg som samstundes vil verta ein del av rusleturen rundt vatnet frå Sognefjellshytta.

Samarbeidet med dei andre aktørane på plassen vi vera med og gje føringar for prosjektet, og sidan dei ikkje har sett forprosjektet før nå, vil det truleg vera nyttig med ei ny oppdatering overfor styret i form av eit notat når fleire av brikkene er på plass.